

## Prosjektskisse og intensjonsavtale for produksjon av Konsertframsyninga «Marionett»

Intensjonsavtale mellom utøvar Jon Bugge Mariussen, utøvar Johanne Løkensgard Mjøs og prosjektet «Folkedans i Hordaland» ved Magni Rosvold. Avtalen gjeld samarbeid om og produksjon av konsertframsyning med folkedans og folkemusikk, med fylgjande prosjektskisse som utgangspunkt:

### Kunstnarisk grunngjeving for prosjektet

Omfanget av det skapande arbeidet og metodane som skal brukast:

Siktemålet med førestillinga er å formidla framifrå folkemusikk og folkedans på ein måte som kan fenga og engasjera publikum, og gjera dei nyfikne. Utøvarane ynskjer å gjere dette utan å gå på kompromiss med kvaliteten og med tradisjonsmaterialet som førestillinga tek utgangspunkt i. I framsyninga vil publikum stifte kjenskap med tradisjonsdans og- musikk frå mellom anna Vestlandet, Hallingdal og Nord-Norge . Utøvarane ynskjer å teste ut, og arbeide med, ulike elektroniskar som loopmaskiner og dansematter som tar opp lyd. Det er eit ynskje å skapa ein såpass «enkel» eller «strippa» førestilling når det gjeld kulisser, både med omsyn til å halda kostandane nede på eit nivå som gjer at produksjonen vert høvesvis rimeleg for fleire å kjøpa, men ikkje minst for det kunstnariske uttrykket – for at dansen og musikken skal få tale for seg, utan for mykje andre element. Dei former for kulisser ein ynskjer å prøva ut, og arbeida med, er enkel belysning og «lyssirkel» . Førestillinga vil basere seg på ein musikar og ein dansar, og med ein viss medverknad frå publikum (t.d. elevar). Dette er spesielt aktuelt i dei tilfella der ein har høve til å basere medverknaden på opplegg frå opplæringsbesøk i forkant av førestillinga (t.d. ved skular). I arbeidet med produksjonen ynskjer ein med bakgrunn i dette å undersøka, og gjera seg nytte av, arbeid med og erfaringar frå interaktive førestillingar. Det er også interessant å sjå på korleis ein evt kan nytta ein slik interaksjon med publikum ved framføring på andre arenaer enn i skulen. Dette gjeld i dei tilfella der ein ikkje har høve til å «førebu» publikum på førehand.

Førestillinga vil bli produsert for å halda ei tidsramme på om lag 35 min. Dette for tilpassa framføring i skulen. For arbeidet med produksjonen og innstudering er det i fyrste omgang satt av ei tidsramme på 60 timar for kvar av dei to utøvarane. I tillegg er det ynskjeleg å leiga inn ein instruktør/ kurator som kan hjelpa til med produksjonen og gje konstruktive tilbakemeldingar og rettleia arbeidet. I slutfasen av produksjonsprosessen vil ein forsøka å testa ut produksjonen på eit reelt publikum, slik at ein får testa mekanismane rundt det ein ynskjer å oppnå.

### Samordning og samarbeid med prosjektet «Folkedans i Hordaland»

Konsertframsyninga skal kunne knytast opp mot eit opplæringsarbeid i skulen i forkant/ og eller i etterkant av førestillinga (Dette opplegget er knytt til prosjektet «Folkedans i Hordaland»). Dette kan handle om musikken og dansen som vert brukt i framsyninga, og det er også eit ynskje å undersøke om ein kan få elevane til å medverke på delar av framsyninga. Framsyninga skal også kunna stå aleine, utan opplæringsarbeid i forkant i dei samanhengar eit slikt opplegg ikkje let seg gjere – for at førestillinga skal kunne brukast i fleire ulike samanhengar, som til dømes på ulike festivalar o.l.

Prosjektleiar for dansesatsinga «Folkedans i Hordaland» vil utarbeida opplæringsopplegget knytt til førestillinga og bistå i prosessen med utarbeidinga av førestillinga, der dette er hensiktsmessig og ynskjeleg. Vidare vil prosjektleiar for dansesatsinga bidra i planlegginga av dei fyrste førestillingane/ turneane og formidling av info og kontakt mellom utøvarar og aktuelle skular, konsert-/ formidlingsarenaer.

### Målgruppe

Ein ynskjer å laga ein produksjon som kan vera aktuell for ei brei målgruppe, men som start har sitt nedslagsfelt i skulen og kan nyttast i Den kulturelle skulesekker (DKS. Lokalt og regionalt). Når det gjeld DKS har ein allereie kommunar som er interesserte i produksjonen. Ein fyrste turné vil sannsynleg vera mogleg i november/ desember i år. Produksjonen skal også kunne brukast i andre samanhengar enn DKS (som t.d. festivalar og i samband til ulike

arrangement), og det vil difor bli arbeida med å skapa ein produksjon som skal kunne nå ei brei målgruppe.

## Økonomi

### Utgifter

Arbeidstimar 2 utøvarar	120	500	60000
Leige av øvingslokale (8 dagar)	8	2000	16000
Innleige av instruktør/ kurator			15000
Tilrettelegging, administrasjon	40	500	20000
RDO, øvingar prod. + turnè			23000
Marknadsføring			2000
Div. uforutsettt			2000
Sum			138000

### Inntekter

Tilskot Norsk kulturråd (produksjonstilskot)			70000
Tilskot FFUK (prosjekttilskot)			20000
Tilskot HFK			15000
Tilskot andre (Rff, bank/ sparebankstiftingar)			10000
Eigeninnsats Folkedans i Hordaland			23000
Sum			138000

---

Jon Bugge Mariussen  
(utøvar)

---

Johanne Løkensgard Mjøs  
(utøvar)

---

Magni Rosvold  
(for samarbeidspartner)